



Bakgrunn for vedtak

Osland Settefisk AS – søknad om konsesjon for uttak av vatn frå Sørebøelva og Vetleelva

Høyanger kommune i Sogn og Fjordane fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Osland Settefisk AS
Referanse	
Dato	02.02.2017
Notatnummer	KI-notat 12/2017
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Osland Settefisk AS søker om løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Østerbøvassdraget i Høyanger kommune.

Osland settefisk lokalitet Sørebo har i dag konsesjon for produksjon av 2,5 mill. smolt årleg i eksisterande gjennomstrøymingsanlegg på Sørebo. Anlegget er planlagt utvida med to nye avdelingar til ein samla produksjonskapasitet på 5 mill. smolt årleg. Det nye anlegget er planlagt bygd med resirkuleringsteknologi som har eit langt mindre vassbehov enn dagens anlegg. Det nye anlegget vil også ta over delar av produksjonen i dagens anlegg, og vil legge til rette for meir jamn produksjon over året, slik at dagens biomassetoppar vert noko redusert. Dette medfører at det samla vassforbruket på lokaliteten vert som i dag. Osland Settefisk ynskjer å ha moglegheit til å ta ut inntil 580 l/s når tilsiget tillèt det.

I tillegg til hovudinntaket i Søreboelva er det eit reserveinntak i Vetleelva, og i periodar med stor smolt på anlegget vert det nytta brakkvatn frå Øystrebøvatnet. Det er i tillegg inngått ein avtale med BKK, som overfører delar av feltet, om at luka for overføring kan opnast ved særleg tørre tilhøve for å auke tilsiget til settefiskanlegget. Denne avtalen har det hittil ikkje vore trong for å nytte etter at settefiskanlegget vart sett i drift i 1986.

Det er søkt om slepp av minstevassføring på 54 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren.

Høyanger kommune er positive til planane, men meiner at det bør vurderast å sleppe ei større minstevassføring med tanke på fisk. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** meiner at tiltaket vil få negative konsekvensar for anadrom fisk i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. Fylkesmannen meiner at det må settast krav om ei minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring. Fylkesmannen viser også til at kunstig etablert vandringshinder må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** har ingen vesentlege merknadar. **Geir Sørebo** er positiv til næringsutviklinga som Osland Settefisk representerer, men meiner det må gjerast avbøtande tiltak for fisk. Sørebo meiner at det må sleppast tilstrekkeleg minstevassføring som sikrar vandring. Vandringshindera må fjernast, eller det må lagast passasje slik at fisk kan vandre forbi. **Kystpartiet Sogn og Fjordane** viser til at tidlegare kraftutbygging med overføring av vatn frå Øystrebotnvatn til Førde-Matre utbygginga, har gitt mindre vatn i Søreboelva og uheldige økologiske konsekvensar for vassdraget.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak, som del av konsesjonsvilkåra, for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Osland Settefisk AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av smolt, og auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate vart etablert på midten av 1980-talet, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 2005. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer at vassressursen er knapp og at Søreboelva åleine ikkje kan gi tilstrekkelege vassmengder til å dekke vassbehovet til settefiskanlegget og slepp av minstevassføring i langvarige tørrperiodar. Dersom det kjem på plass ei sikker overføring av vatn frå reguleringsmagasinet Øystrebotnvatn vurderer NVE likevel at Søreboelva, saman med dei vassparande tiltaka og bruk av Vetleelva, vil kunne gi tilstrekkeleg med vatn også gjennom lengre tørrperiodar.

Fylkesmannen og Geir Sørebo meiner at hovudinntaket i Søreboelva utgjør eit vandringshinder og må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere. NVE vurderer at det er lite truleg at fisk kan passere stryka like oppstraums kvernhuset og at dette mest truleg er endeleg vandringshinder. NVE meiner at dammen ved hovudinntaket på kote 25, som ligg ovanfor dette hinderet, difor ikkje utgjør noko vandringshinder.

Høyanger kommune meiner det bør vurderast å sleppe ei større minstevassføring med tanke på fisk. Fylkesmannen meiner at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk vil få negative konsekvensar for anadrom fisk i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. Fylkesmannen meiner at det i ein konsesjon bør stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Det er foreslått slepp av minstevassføring som vil betre tilhøva noko i tørre periodar. Påverknadane på laks og sjøaure i Søreboelva vil vere om lag som i dag, men med noko betra tilhøve i tørre periodar som er dei mest kritiske for fisken i dag. NVE vurderer at produksjonspotensialet for sjøaure i Søreboelva er svært avgrensa og at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

Utanom fisk og fiskeinteressene vert andre allmenne interesser i liten grad påverka av tiltaket. NVE meiner at dei samla fordelane ved tiltaket, i form av produksjon av smolt og verdiskaping i regionen, overstig ulempene tiltaket fører med seg for allmenne interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Osland Settefisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Søreboelva og Veteelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVEs vurdering	8
NVEs konklusjon	14
Forholdet til anna lovverk	14
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	15
Vedlegg	17

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Osland Settefisk AS, datert 03.12.2014:

«Osland Settefisk AS ynskjer å utnytte vatnet i Søreboelva og Vetleelva i Sørebo i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane, og søker med dette om følgjande løyve:

- *Etter lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann (Vassressurslova) § 8 til uttak av vatn til Osland settefiskanlegg, lokalitet Sørebo*

Naudsynte opplysingar framgår av vedlagte dokument.»

Osland Settefisk AS, settefiskanlegg på Sørebo, hovuddata

TILSIG		Søreboelva ekskl. overføring	Vetleelva
Nedbørfelt	km ²	13,65	0,17
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	37,05	0,32
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	86,1	60
Middelvassføring	l/s	1170	10
Alminneleg lågvassføring	l/s	49	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	66	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	49	
SETTEFISKANLEGG			
Inntak	moh.	25	
Avløp	moh.	0	
Lengde på påverka elvestrekning	m	220	70
Maks vassuttak	l/s	580	16-50
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	54	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	25	
Tilløpsrør, diameter	mm	630	250
Maksimalt tal smolt	Mill.	5	

Om søkjar

Osland Settefisk driv med produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert akvakultur. Osland Settefisk AS vart etablert i 2011 etter Osland Havbruk AS sitt oppkjøp av settefiskanlegget på Sørebo. Osland Settefisk består av to settefiskanlegg, eit på Sørebo og eit på Midtneset i Høyanger kommune. Selskapet har 9 tilsette og konsesjon på 3,5 mill. smolt. Lokaliteten på Sørebo har 6 tilsette og konsesjon på 2,5 mill. smolt.

Osland Settefisk er heileigd av Osland Havbruk AS. Osland Havbruk er Norges eldste reindyrka oppdrettsfiskselskap, starta i 1963. Selskapet er innehavar av fire matfiskkonsesjonar og ein stamfiskkonsesjon, og produserer både laks og aure. Selskapet har 16 tilsette og om lag 8000 tonn årleg produksjon.

Skildring av området

Øystrebøvassdraget ligg på sørsida av midte/ytre del av Sognefjorden. Frå vatna Instefjord og Øystrebotnvatn renn vatnet vidare til Almdokkevatnet og vidare nedover Sørebdalen til utløpet i Øystrebøvatnet. Frå Øystrebøvatnet er det berre ein ca. 130 m kort straum ut til fjorden, og Øystrebøvatnet er ein brakkvasspoll som er delvis påverka av innstrøyming av sjøvatn.

Inst i Øystrebotnvatnet ligg Sørebo og herifrå går Sørebdalen sørvestover mot dei nordre delane av Stølsheimen. Sørebdalen er eit smalt dalføre med bratte fjell på kvar side opp til 1000-1100 moh. Den øvre delen av nedbørfeltet til Søreboelva er overført til Årsdalsvatnet og vert utnytta i Matre kraftverk ved hjelp av eit inntak i Øystrebotnvatnet. Almdokkevatnet vart danna ved at eit stort skred demde opp vatnet. Nedstraums Almdokkevatnet går elva under denne grove skredura, og er ikkje synleg på overflata før den dukkar opp frå skredmassane eit stykke oppstraums inntaket for oksygentilblanding som ligg på kote 50. I nedre del av dalen ligg eit par spreidde gardsbruk, elles består dalføret av lauvskog. Hovudinntaket ligg ca. 220 m sør for utløpet til Øystrebøvatnet. Den øvste delen av denne strekninga består av fleire små, meir eller mindre samanhengande stryk. Langs nedre del av strekninga er delar av elva forbygd og det er bygd ein mur mot settefiskanlegget. Elva er lagt i røyr med overfylte massar over ei strekning på ca. 40 m. Dette var gjort i samband med bygginga av settefiskanlegget for at grunneigarar skulle kunne krysse elva med beitedyr og utstyr.

Teknisk plan

Inntak

Hovudinntaket i Søreboelva ligg på kote 25. Ved hovudinntaket vart det etablert ein betongterskel ved anlegget sin oppstart midt på 1980-talet. Denne vart supplert med ein ny terskel ved utvidinga av settefiskanlegget i 2005. Terskelen er ca. 9 m lang, knappe 2 m høg og 20 cm brei, og er steinsett på nedstraums side. Det er også fylt igjen mellom den gamle og den nye terskelen. Vatnet renn gjennom grove steinmassar og inn i fire betongkummar, før det renn inn i reinseanlegget like ved inntaket.

I tillegg ligg det eit oksygeneringsinntak på ca. kote 50 i Søreboelva. Dette har eit jamt vassuttak på ca. 8 l/s (500 l/min) som vert nytta til innblanding av oksygen i vatnet til kara i det eksisterande anlegget. Inntaket gjev nok trykk til at innblandinga skjer utan straumtilførsel.

I Vetleelva ligg det eit mindre reserveinntak på kote 10. Her er det etablert ein betongterskel som er 3 m lang og 2 m høg, med eit overløp med breidde på ca. 1,5 m. Inntakskulpen er om lag 1,5 m djup, og vatnet går i ein betongkum før det går vidare i rør til anlegget.

Den nye delen av anlegget som er under planlegging vil ikkje medføre endringar i inntakstilhøva til settefiskanlegget.

Vassveg

Vassleidningen frå reinseanlegget ved hovudinntaket består av ein nedgraven 630 mm PEH leidning med trykkavlastar. Røyrret er ca. 105 m fram til nivåtanken. Denne vert forgreina til 315 mm og 250 mm PEH rør ved nivåtanken, med høvesvis 65 og 80 m lengd.

Frå oksygeninnblandingsinntaket på kote 50 i Søreboelva går vatnet i 160 mm leidning inn til anlegget. Denne røyrleidningen er ca. 520 m lang, og nedgraven i og langs elveløpet.

Frå reserveinntaket i Vetleelva går vatnet i ein 85 m lang, 250 mm vassleidning inn til anlegget. Alle røyra er nedgravne bortsett frå dei siste 20 meterane fram til 10 m kara inne på anlegget.

Ved bygging av den nye delen av anlegget vil det bli grave ned eit ca. 130 m langt nytt røyr frå nivåtanken til det nye bygget. Den nye røyrleidningen vil gå over dyrka mark.

Veg

Det går i dag ein ca. 100 m lang vegavgreining frå bygdevegen inn til dagens settefiskanlegg. Ved utvidinga av anlegget vil denne leggst noko om for å gi plass til det nye bygget. Den nye vegen vil bli lagt delvis som utfylling i Øystrebøvatnet. Høyanger kommune har gjeve rammeløyve til graving etter desse planane.

Massetak og deponi

Den nye delen av anlegget vert etablert med massar frå staden, og det er ikkje trong for massetak eller deponi.

Arealbruk

Dagens settefiskanlegg legg beslag på eit område på om lag 8 mål. Det nye bygget vil medføre eit noko auka arealbeslag, men dette vert gjort innanfor tomte. Det nye bygget vil bli anlagt på eit areal med tidlegare innmarksbeite, som i dag delvis er nytta til veg og parkeringsplass. Området er foreslått som næringsareal i kommuneplanen som er under utarbeiding.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Ein samla kommuneplan med både samfunnsdel og arealdel har ikkje vore vedteke i Høyanger kommune sidan 1987. I periodane 1993-1994 og 2007-2009 er delar av arealdelen revidert, men ikkje i området rundt Sørebo. I gjeldande arealplan har området ved settefiskanlegget difor status som LNF-område. Ny arealdel til kommuneplanen er under utarbeiding, og i utkast til denne planen er området ved settefiskanlegget foreslått lagt ut som næringsareal.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje del av verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget eller fjordområdet utanfor er ikkje del av nasjonale laksevassdrag eller nasjonale laksefjorlar. Dei indre delane av Sognefjorden har status som Nasjonal laksefjord, men dette gjeld områda aust for tiltaksområdet.

Andre verneområde

Tiltaksområdet er ikkje verna etter naturmangfaldlova, kulturminnelova eller anna lovverk. Det ligg heller ikkje føre andre kjende, relevante planar for området.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 23.06.2015 saman med representantar for tiltakshavar og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Høyanger kommune ved kommunestyret vedtok følgjande den 12.05.2015 (KS-020/15):

«Osland Settefisk AS er ein viktig og god arbeidsgivar på Høyanger sørside. Utvidinga av settefiskanlegget vil gje fleire arbeidsplassar i eit område som slit med fråflytting, og gjere bedrifta meir fleksibel. Det er likevel viktig å ta omsyn til alle involverte interessene i ei slik sak. Høyanger kommune er uroa for at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk AS kan få konsekvensar for bestandane av laks og aure i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring forsterkar ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. NVE bør difor vurdere om ei minstevassføring på 25 l/s om vinteren og 54 l/s om sommaren er tilstrekkeleg for å sikre gode oppvekstforhold for dei lokale fiskebestandane i Søreboelva.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane konkluderer med følgjande i deira uttale den 22.04.2015:

«Konklusjon

Fylkesmannen har vurdert at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk AS vil få negative konsekvensar for produksjonen av sjøaure i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen.

NVE bør vurdere i kva grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. I ein eventuell konsesjon bør det stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring (i uregulert tilstand), og takast inn standard naturforvaltningsvilkår.

Vidare ser det ut til å ha vore etablert eit kunstig vandringshinder, som ikkje har vore handsama etter vassressurslova eller lov om laksefisk og innlandsfisk. Dette hinderet har i stor grad redusert vandringsstrekninga frå Øystrebøvatnet, og dermed produksjonen av androm fisk i Søreboelva. Det er ikkje undersøkt om dette vandringshinderet også stenger for oppvandring av ålelarvar i vassdraget. Vandringshinderet må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune har uttala seg i brev av 24.03.2015. Fylkeskommunen har ikkje merknader til saka så langt det gjeld brukarinteresser som friluftsliv/reiseliv. Fylkeskommunen viser til at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

Geir Sørebo har gjeve uttale i brev av 01.04.2015. Geir Sørebo er positiv til næringsutviklinga som Osland Settefisk representerer, men meiner det må gjerast avbøtande tiltak for fisk. Sørebo viser til at sjøauren tidlegare kunne vandre opp til ca. kote 50, om lag 300 m ovanfor dagens vandringshinder.

Sørebø meiner at det må sleppast tilstrekkeleg minstevassføring som sikrar vandring. Vandringshindera må fjernast eller det må lagast passasje slik at fisk kan vandre forbi.

Kystpartiet Sogn og Fjordane har sendt eit ope brev den 18.05.2015 til Høyanger kommune og aviser, med kopi til NVE. Kystpartiet viser til at tidlegare kraftutbygging med overføring av vatn frå Øysterbotnvatn til Førde-Matre utbygginga, har gitt mindre vatn i Sørebøelva og uheldige økologiske konsekvensar for vassdraget. Kystpartiet meiner at dette kan rettast opp ved å føre vatnet tilbake til Sørebøelva, eventuelt i kombinasjon med ny kraftproduksjon.

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 05.06.2015 kommentert høyringsuttalane. Til Fylkesmannen sin uttale skriv søkjar at det er feil at tiltaket inneber redusert lågvassføring. Søkjar skriv at det er først no, i samband med konsesjonsbehandlninga, at krav om minstevassføring vert innført. Søkjar viser til at forholda i vassdraget i større grad vert sikra med det opplegget søknaden legg opp til, enn ved dagens forhold.

Til uttalane til Geir Sørebø og Fylkesmannen skriv søkjar at det er feil at anadrom fisk tidlegare kunne vandre 300 m lenger opp i elva. Det vert vist til at «alle», også fylkesmannen, tidlegare har vore einig om at dagens vandringshinder er dei naturlege stryka ovanfor det gamle kvernhuset. Inntakسدammen utgjør såleis ikkje noko vandringshinder.

Søkjar viser til at terskelen ved inntaket i Sørebøelva er lovleg etablert. Tiltaket vart grundig behandla ved etableringa av anlegget i 1986, både etter naturvernlova og vassdragslova. Saka vart behandla på nytt i 2005 då anlegget vart utvida. I begge tilfelle vart det frå Fylkesmannen og andre konkludert med at det ikkje var vesentlege verdiar knytt til vassdraget med omsyn til naturvern, vilt og villfisk.

Søkjar viser til at det ikkje er registrert ål ved el-fiske og kartlegging av fiskeressursane i vassdraget, inntaksterskelen utgjør heller ikkje noko vandringshinder for ål. Ut i frå dette meiner tiltakshavar at tiltaket ikkje påverkar ål.

Søkjar viser til at fiskeundersøkingar i elva konkluderer med at miljøforholda i elva er gode med gode bestandar av aure og laks av ulike årsklassar. Med vilkår om slepp av minstevassføring vil økologien og vilkåra for fisk bli enno betre. Ut frå dette meiner søkjar at miljøtilstanden i Sørebøelva er god og at forslaget til auka minstevassføring frå Høyanger kommune ikkje er naudsynt.

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Hovudinntaket i Søreboelva har eit nedbørfelt på 13,65 km² (utan overføring) og middelvassføringa er berekna til 1,17 m³/s. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vår- eller haustflaumar. Lågaste vassføring opptre gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 66 og 49 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 49 l/s. Maksimalt vassuttak er planlagt til 580 l/s (35 000 l/min) og skal berre nyttast når tilsiget tillèt det. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 54 l/s (3250 l/min) om sommaren og 25 l/s (1500 l/min) om vinteren.

Med eit maks vassuttak på 580 l/s tilsvarande 50 % av middelvassføringa, og foreslått minstevassføring på 54 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren, vil dette gje ei restvassføring på omlag 580 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Ein stor del av dette vil kome i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. NVE meiner at omsøkt vassuttak tek vare på noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk ved at det i eit normalår er overløp meir enn halvparten av årets dagar.

I tillegg til hovudinntaket er det eit inntak lenger oppe i Søreboelva, ca. kote 50, som vert nytta til oksygentilsetting. Vassuttaket ligg her kontinuerleg på 8 l/s (500 l/min).

Det er også eit inntak i Vetleelva som vert nytta som eit reserveinntak. Inntaket i Vetleelva vert oppgitt til å truleg få tilført vatn frå eit lokalt oppkomme, men kan også få tilførsel frå Søreboelva. Vetleelva har eit lokalfelt på 0,15-0,20 km², og har ut frå dette truleg ikkje årssikker vassføring. Vetleelva synast likevel å ha meir vatn enn nedslagsfeltet skulle tilsei i tørrperiodar, noko som tyder på at elva har kontakt med grunnvatnet. Det vert opplyst at Vetleelva kan bidra med 16-50 l/s. Vassuttaket frå Vetleelva skjer etter behov, og det finnast ikkje registreringar av uttaket frå Vetleelva. Det er ikkje planlagt minstevassføring i Vetleelva.

Almdokkevatnet vart danna ved at eit stort skred demde opp vatnet. Nedstraums Almdokkevatnet går elva under denne grove steinura, og er ikkje synleg på overflata før den dukkar opp frå skredmassane eit stykke oppstraums inntaket for oksygentilblanding. Det vert opplyst at Almdokkevatnet er prega av stor variasjon i vasstand gjennom sesongen (fleire meter). Almdokkevatnet har ut i frå naturforholda difor truleg ein viss utjamnande effekt på vassføringa i Søreboelva gjennom naturleg sjølvregulering.

Osland settefisk viser til at erfaringar med dagens drift viser at den mest kritiske perioden er under kalde og tørre periodar på ettervinteren (mars), då anlegget som oftast er fullt like før utsetjing av smolt til sjø. Under slike tilhøve vert det supplert med vatn frå reserveinntaket i Vetleelva. Dette inntaket kan bidra med 16-50 l/s (1000-3000 l/min), men i tørre periodar vert det opplyst at uttaket ligg nærare 16 l/s. Dei siste vekene før utsetjing i sjø kan det også nyttast brakkvatn frå inntaket i Øystrebøvatnet til stor smolt. Brakkvassinntaket i Øystrebøvatnet har ein kapasitet på 170 l/s (10 000 l/min). Brakkvatnet frå Øystrebøvatnet vert UV-behandla. Inntaket vert nytta for å venne smolten til saltvatn, og vil ofte kunne avlaste vassinntaket frå Søreboelva under tørre periodar på ettervinteren då det er mykje stor smolt i anlegget.

I tillegg har Osland settefisk ein avtale med BKK om at ein kan stenge luka for overføringa frå Øystrebøvatnet, for å auke tilsiget til Søreboelva i kritisk tørre periodar. Denne avtalen har det hittil ikkje vore trong for å nytte etter at settefiskanlegget vart sett i drift i 1986. Øystrebøvatnet er eit senkingsmagasin med ei reguleringshøgde på ca. 2 m, som ikkje er tilrettelagt for tapping av f.eks.

minstevassføring. Det er heller ikkje krav om minstevassføring ut av Øystrebotnvatnet. Eventuell tapping frå Øystrebotnvatnet når vasstanden ligg lågare enn HRV må derfor skje ved pumping.

Det vert opplyst at det har vore planlagt å lage ein kanal med ventil ut av Øystrebotnvatnet med terskel på LRV, men desse planane er så langt ikkje blitt realiserte.

Temperaturen i Søreboelva er låg gjennom heile året og gjer til at settefiskanlegget kan operere under svært stabile forhold. Høgast temperatur vert det på ettersommaren med ein temperatur på omkring 10-12 grader. Det kalde vatnet gjer at settefiskanlegget har få utfordringar med oksygentilførsel til fisken og utlufting av uønskte gassar i vatnet.

For ei optimal drift av anlegget med omsyn til bortvasking av avfallsstoff og tilgroing i kara, og CO² nivå i kara, søker Osland Settefisk om at anlegget i periodar med høg biomasse og tilstrekkeleg tilsig kan ta ut inntil 580 l/s frå hovudinntaket. Intern resirkulering av vatn på karnivå ved hjelp av CO² luftarar gjer at anlegget likevel kan klare seg med langt under dette i periodar. CO² luftarar gjer at anlegget kan drivast med 0,06 liter/kg fisk/min i ein periode på 14-21 dagar frå november til april når temperaturen er mellom 3-7 °C, og 0,08 l/kg fisk/min i perioden mai-oktober når temperaturen er 7-12 °C. I periodar med maksimal biomasse i anlegget kan anlegget i dag ha 140 tonn fisk. Dette er sannsynleg i periodane september/oktober og i mars like før utsett i sjø. I periodar med maksimal produksjon kan anlegget klare seg med ca. 140 l/s i perioden november-april og 190 l/s i perioden mai-oktober i inntil tre veker.

Norconsult har utført hydrologiske berekningar i samband med søknaden. Rapporten viser at det både i tørre og middels våte år oppstår periodar med varigheit lenger enn tre veker som har eit tilsig som ligg under minimumsutttaket Osland Settefisk kan klare seg med i tre veker. Osland Settefisk opplyser likevel at dei sjeldan har opplevd kritiske situasjonar som har gått ut over settefiskproduksjonen i anlegget, eller har hatt trong for å opne luka for overføring frå BKK sitt reguleringsmagasin Øystrebotnvatn. Det vert opplyst at dette kan forklarast med at verdiane som ligg til grunn for minimumsbehovet for vatn tek utgangspunkt i eit fullt anlegg (maksimal mengd biomasse), men at ein del av dei tørre periodane vil inntreffe i periodar med til dels mykje mindre biomasse i anlegget, noko som medfører at ein kan klare seg med eit vassuttak langt under det som er oppgitt som minimumsutttak. I tørre periodar vil ein også kunne nytte reservevasskjelda frå Vetleelva, samt brakkvatn frå Øystrebøvatnet dersom det er stor nok smolt i anlegget.

Det er noko usikkerheit knytt til det reelle vassbehovet til det utvida settefiskanlegget ved stor grad av resirkulering, men ut frå det hydrologiske grunnlaget vurderer NVE at Søreboelva ikkje kan gi tilstrekkelege vassmengder til å dekke vassbehovet til settefiskanlegget og slepp av minstevassføring i langvarige tørrperiodar. NVE er likevel samd med dei hydrologiske vurderingane til søknaden som viser til at vassmangelen i stor grad kan oppvegast gjennom moglegheita til å resirkulere vatn og nytte Vetleelva saman med overføring av vatn frå Øystrebotnvatnet, og eventuelt brakkvatn frå Øystrebøvatn.

Dagens ordning med overføring av vatn frå Øystrebotnvatn med overlaup over HRV kan ta fleire veker før det vert tilgjengeleg ved inntaket i Søreboelva, dersom vatnet er nedtappa ved inngang til ein tørrperiode. For å sikre tilstrekkeleg vatn i tørrperiodar bør det difor som skissert i søknaden etablerast ei løysing som sikrar at vatn kan overførast heilt ned mot LRV. Dersom det kjem på plass ei sikker overføring av vatn frå Øystrebotnvatn, vurderer NVE at dette, saman med dei vassparande tiltaka som er nemnd ovanfor vil vere tilstrekkeleg med vatn også gjennom lengre tørrperiodar.

Naturmangfald

Det er ikkje planlagt nye inngrep i terrenget. Vår vurdering er difor avgrensa til å gjelde uttaka av vatn og verknader av dette. Det er registrert fleire viktige naturtypar og raudlista artar i Sørebdalen, men desse ligg utanfor område som vert påverka av tiltaket. Forutan sjøaure, laks og ål er det ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til influensområdet. Ål er raudlista som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015. Det er ikkje registrert ål i Sørebdelva, men ål kan truleg vandre opp i vassdraget. Kaldt og næringsfattig vatn, utan lett tilgjengelege innsjøar, gjer likevel vassdraget lite eigna for ål. NVE vurderer at vandringsvegen for ål ikkje vert vesentleg påverka og vurderer difor at ål ikkje vert påverka av tiltaket.

I søknaden vert det opplyst at sjøaure og laks kan vandre om lag 100 m opp i Sørebdelva, opp til ein foss som vart danna ved arbeide i elva under etablering av settefiskanlegget midt på 1980-talet. Det er noko motstridande informasjon om kor langt opp i vassdraget den anadrome fisken har gått tidlegare. Nokre kjelder (Osland Settefisk, Geir Helge Østerbø med fleire) har opplyst at det ikkje er kjent at anadrom fisk har passert stryka ved kvernhuset som ligg ca. 40 m nedstraums dagens hovudinntak til settefiskanlegget. Leiar i Søreide grunneigarlag Geir Sørebdø, har informert om at det på 1950-60-talet var gyting av sjøaure på dei rolegare elvepartia kalla «Aurehyljane» oppstraums oksygeneringsinntaket på kote 50. Sørebdø meiner at etter at BKK overførte delar av feltet var det truleg mindre fisk som kom seg opp stryka bl.a. forbi kvernhuset. Sørebdø meiner likevel at det var først då settefiskanlegget vart etablert midt på 1980-talet at utgravingar ca. 100 m opp i elva gjorde at fossen her vart vandringshinder for anadrom fisk.

Fylkesmannen og Geir Sørebdø skriv at vandringshinder i elva må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere. Ved etablering av settefiskanlegget og seinare utviding i 2005 er det lagt til grunn at vassinntaket låg ovanfor anadrom strekning. Osland Settefisk viser til at «alle», også Fylkesmannen, tidlegare har vore einig om at vandringshinderet er dei naturlege stryka ovanfor det gamle kvernhuset. NVE vurderer ut frå tilgjengeleg informasjon og eigne vurderingar at det er lite truleg at fisk kan passere stryka like oppstraums kvernhuset og at dette mest truleg er endeleg vandringshinder. NVE legg dette til grunn i vår vidare behandling og vurderer at dammen ved inntaket på kote 25, som ligg ovanfor dette hinderet, difor ikkje utgjer noko vandringshinder. NVE vurderer vidare at fisk truleg kan passere fossen om lag 100 m opp i elva ved stor vassføring.

Fylkesmannen skriv i sin uttale at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk vil få negative konsekvensar for anadrom fisk i Sørebdelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfishproduksjonen. Fylkesmannen meiner NVE bør vurdere i kva grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. Fylkesmannen meiner vidare at det i ein konsesjon bør stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Omsøkt minstevassføring om sommaren er på nivå med alminneleg lågvassføring, medan omsøkt minstevassføring om vinteren er om lag halvparten av alminneleg lågvassføring. Eit settefiskanlegg har kontinuerleg uttak av vatn og kan ikkje stoppe uttaket så lenge det er produksjon/fisk i anlegget. Ved uttak av vatn direkte frå ei elv som i dette tilfellet, utan moglegheit for å halde tilbake vatn, er det såleis ikkje til å unngå at kontinuerleg uttak av vatn kjem i konflikt med lågvassføringar. NVE vurderer difor at det er uråd å setje krav til slepp av minstevassføring som ligg på nivå med naturlege lågvassføringar heile året, slik Fylkesmannen foreslår. Ved eit kontinuerleg vassuttak til settefiskanlegg der det ikkje er moglegheit for å magasinere vatn, vil det vere avgjerande kor stort vassuttaket vert i høve til lågvassføringar som vil inntreffe, og om vassmengda som er tilbake er tilstrekkeleg til å ivareta dei verdiane som er knytt til aktuell elvestrekning.

Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 2005. Utvidinga av anlegget frå 2,5 til 5 mill. smolt vil ikkje medføre auka uttak av vatn då det nye anlegget er planlagt bygd med resirkuleringsteknologi som har eit langt mindre vassbehov enn dagens anlegg. Det nye anlegget vil også ta over delar av produksjonen i dagens anlegg, og vil legge til rette for meir jamn produksjon over året, slik at dagens biomassetoppar vert noko redusert. Det er foreslått slepp av minstevassføring som vil betre tilhøva noko i tørre periodar. Påverknadane på laks og sjøaure i Søreboelva vil vere om lag som i dag, men med noko betra tilhøve i tørre periodar, som er dei mest kritiske for fisken i dag.

BKK si overføring av delar av feltet, den reduserte vassføringa i elva frå 1985, og det noko auka uttaket frå 2005, har påverka gyte- og oppveksttilhøva i Søreboelva for anadrom fisk. Størst påverknad har truleg episodar med låg vassføring i kalde periodar på etterm vinteren hatt, noko som har kunna medført tørrlegging og innfrysing av eventuelle fiskeegg. NVE vurderer likevel at det er dei fysiske inngrepa ved etablering av settefiskanlegget som har hatt størst negativ verknad på produksjonsforholda for fisk i elva, gjennom nedbygging av utløpsdeltaet, lukking av delar av elva og kanalisering og forbygging av elveløpet.

I søknaden vert det opplyst at den mest eigna strekninga for gyting i Søreboelva er på dei nedste ca. 30 m av elva opp til ein liten terskel like oppstraums samlaup med Vetleelva. Her renn elva roleg med fin gytegrus, men det vert opplyst at elva på denne strekninga kan vere påverka av brakkvatnet i Øystrebøvatnet ved høg vasstand i vatnet og stor flo. Oppstraums den vesle terskelen, og vidare opp til der elva er lukka, består elvebotnen av grovare substrat og større stein. Ovanfor lukka elvestrekning og vidare opp til vandringshinder ved kvernhuset renn elva brattare med grovt substrat. Området her har lite eigna gytesubstrat.

Det vart gjennomført fiskeundersøkingar i vassdraget i 1996 og 2004 i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Undersøkinga i 1996 (Åtland m.fl. 1998) påviste aure, men ikkje laks i vassdraget, medan det ved undersøkinga i 2004 (Gladso og Hylland 2005) vart påvist både laks og aure der alle årsklassar var representert. Både i 1996 og 2004 vart det registrert svært låg tettleik av fisk. Fylkesmannen skriv i oppsummeringa frå fisket i 2004 at laksen som vart fanga viste stor skilnad i storleik i høve til alder, og at nokre av fiskane hadde ytre trekk som tyda på at det var rømt oppdrettsfisk. Dette indikerer at fleire av fiskane kan vere rømde frå oppdrettsanlegg eller at det kan vere avkom av rømt oppdrettsfisk.

Rådgivende Biologer AS gjennomførte el-fiske etter rømt smolt i nedre del av Søreboelva og Vetleelva 23. april 2015. Det vart fanga både laks og aure av ulike årsklassar i Søreboelva. Det vart ikkje fanga fisk i Vetleelva.

NVE vurderer at Søreboelva har noko verdi som gyte- og oppvekstområde for aure/sjøaure, men vurderer at elva ikkje har noko verdi for laks. NVE vurderer produksjonspotensialet for sjøaure i Søreboelva som svært avgrensa, og at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva til produksjon av settefisk, legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 17.01.2017. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Osland Settefisk sitt vassuttak er det forutan sjøaure, laks og truleg ål (VU), ikkje registrert viktige områder for biologisk mangfald. Tiltaket som omsøkt vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå settefiskanlegget i samanheng med anna påverknad på naturtypene, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastning vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal leggjast særleg vekt på.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap og friluftsliv

Det går sti oppover Sørebdalen til Øystrebotnvatnet og Sørebstølen som ligg ved dette vatnet. Her i frå kan ein gå vidare oppover mot fjella i Stølsheimen. Dette er ikkje ei mykje brukt tilkomststrute til fjellområda i Stølsheimen på grunn av at anmarsjen gjennom Sørebdalen er lang samanlikna med andre tilgjengelege tilkomststruter. Almdokkevatnet vert nytta ein del til sportsfiske, medan Øystrebotnvatnet og Instefjord har litt for lang anmarsj til å bli mykje nytta. Heile dalføret vert nytta i samband med hjortejakta på hausten. Øystrebøvatnet vert nytta til sportsfiske. Søreide grunneigarlag sel fiskekort som gjeld Øystrebøvatnet, Almdokkevatnet, Øystrebotnvatnet, Instefjorden og nokre vatn i Østerbdalen. Tiltaksområdet for settefiskanlegget ligg i den nedre delen av bygda og nedstraums turområda. Desse vert dermed ikkje påverka av settefiskanlegget eller vassuttaket i samband med dette.

Alle fysiske inngrep er gjennomført og ein vil såleis ikkje få nye inngrep i landskapet. NVE vurderer at det planlagde tiltaket ikkje vil utgjere noko nemneverdig auka ulempe for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verna kulturminne eller kulturmiljø på Sørebo. Det er registrert nokre bygningar i SEFRAC registeret, som er ei oversikt over alle bygningar frå før 1900. Ein av desse bygningane er det gamle kvernhuset ved Søreboelva. Verken vassuttaket, eksisterande settefiskanlegg eller den planlagde utvidinga vil påverke desse bygningane direkte. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Det er eit uttak av vatn til vassforsyning for to husstandar i Søreboelva like oppstraums inntaket til settefiskanlegget. Høyanger kommune har uttak av vatn til vassforsyning til 7-8 husstandar på Søreide i Vetleelva oppstraums reserveuttaket til settefiskanlegget. Sidan begge vassforsyningsuttaka ligg oppstraums settefiskanlegget sine uttak i dei respektive elvene vil dei ikkje bli påverka av uttaket til settefiskanlegget.

Det er ingen kjende resipientinteresser i vassdraget.

Samfunnsmessige fordelar

Den planlagde auken i smoltproduksjon frå 2,5 mill. smolt til 5 mill. smolt vil medføre ei sikring av eksisterande arbeidsplassar og gi grunnlag for auka sysselsetjing i eit område med behov for fleire arbeidsplassar. Utvidinga av anlegget vil medføre ein auke i behovet for tilsette frå dagens 6 arbeidsplassar til 10. Utvidinga vil også gi auka inntekter til Osland Settefisk og eigaren Osland Havbruk, og auka skatteinntekter til kommune, fylkeskommune og stat.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Osland Settefisk AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av smolt, og auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate vart etablert på midten av 1980-talet, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 2005. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer at vassressursen er knapp og at Søreboelva åleine ikkje kan gi tilstrekkelege vassmengder til å dekke vassbehovet til settefiskanlegget og slepp av minstevassføring i langvarige tørrperiodar. Dersom det kjem på plass ei sikker overføring av vatn frå reguleringsmagasinet Øystrebotnvatn vurderer NVE likevel at Søreboelva, saman med dei vassparande tiltaka og bruk av Vetleelva, vil kunne gi tilstrekkeleg med vatn også gjennom lengre tørrperiodar.

Fylkesmannen og Geir Sørebo meiner at hovudinntaket i Søreboelva utgjer eit vandringshinder og må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere. NVE vurderer at det er lite truleg at fisk kan passere stryka like oppstraums kvernhuset og at dette mest truleg er endeleg vandringshinder. NVE meiner difor at dammen ved hovudinntaket på kote 25, som ligg ovanfor dette hinderet, difor ikkje utgjer noko vandringshinder.

Høyanger kommune meiner det bør vurderast å sleppe ei større minstevassføring med tanke på fisk. Fylkesmannen meiner at det konsesjonssøkte vassuttaket til Osland Settefisk vil få negative konsekvensar for anadrom fisk i Søreboelva, ved at redusert lågvassføring vil forsterke ein naturleg flaskehals i ungfishproduksjonen. Fylkesmannen meiner at det i ein konsesjon bør stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Det er foreslått slepp av minstevassføring som vil betre tilhøva noko i tørre periodar. Påverknadane på laks og sjøaure i Søreboelva vil vere om lag som i dag, men med noko betra tilhøve i tørre periodar som er dei mest kritiske for fisken i dag. NVE vurderer at produksjonspotensialet for sjøaure i

Sørebøelva er svært avgrensa og at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

Utanom fisk og fiskeinteressene vert andre allmenne interesser i liten grad påverka av tiltaket. NVE meiner at dei samla fordelane ved tiltaket i form av produksjon av smolt og verdiskaping i regionen overstig ulempene tiltaket fører med seg for allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Osland Settefisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Sørebøelva og Vetleelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av produksjon av settefisk ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Vassuttak og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

		Sørebøelva	Vetleelva
Middelvassføring	l/s	1170	10
Alminneleg lågvassføring	l/s	49	-
5-persentil sommar	l/s	66	-
5-persentil vinter	l/s	49	-
Maks vassuttak	l/s	580	-
Maks vassuttak i % av middelvassføring	%	50	-
Slepp av minstevassføring sommar	l/s	54	ingen
Slepp av minstevassføring vinter	l/s	25	ingen

Vassuttak

Osland Settefisk AS søker om maks vassuttak på 580 l/s, når tilsigsforholda tillet det.

Tiltakshavar har ansvar for å tilpasse vassuttak og produksjon slik at vassressursen vert forvalta på ein berekraftig måte.

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Slepp av vatn

Som avbøtande tiltak foreslår Osland Settefisk AS å sleppe ei minstevassføring på 54 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren. Det er ikkje planlagt minstevassføring i Vetleelva.

Høyanger kommune meiner at det bør vurderast om det skal sleppast ei større minstevassføring i Sørebøelva. Fylkesmannen meiner at det bør setjast krav til slepp av minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Omsøkt minstevassføring om sommaren er på nivå med alminneleg lågvassføring, medan omsøkt minstevassføring om vinteren er om lag halvparten av alminneleg lågvassføring.

Det har tidlegare ikkje vore krav om slepp av minstevassføring i vassdraget. Det vandrar anadrom fisk opp i Sørebøelva og ei minstevassføring vil vere eit positivt bidrag for i sikre gyte- og oppvekstområder for sjøaure i periodar med lite tilsig i vassdraget. NVE vurderer at vassressursen er knapp og at produksjonspotensialet for sjøaure i Sørebøelva er låg. NVE meiner difor at fordelane med å auke krav til minstevassføring ut over det omsøkte ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

Vetleelva har eit lokalfelt på 0,15-0,20 km², og har ut i frå dette truleg ikkje årssikker vassføring. Det vert difor ikkje sett krav om slepp av minstevassføring i Vetleelva.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring i Søreboelva på 54 l/s i tida 01.05-30.09 og 25 l/s resten av året. Tiltakshavar har ansvar for til ei kvar tid å sikre tilstrekkeleg vassføring for å oppretthalde viktige naturverdiar i vassdraget.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Den tekniske løysinga skal og vere på plass før ein ev. ny konsesjon etter akvakulturlova kan takast i bruk. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast av NVE før arbeidet kan starte, og før ein ev. konsesjon etter akvakulturlova om utviding kan tas i bruk. Selskapet skal skriftleg varsle NVE når konsesjon etter vassressurslova vert teken i bruk.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Søreboelva og Vetleelva skal nyttast. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring i Søreboelva skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Eksisterande røyr skal nyttast.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 580 l/s (35 000 l/min).

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Vedlegg

Kart over vassinntak og vassleidningar til Osland Settefisk.

